

Du finn FRAM-appen i [App Store](#) og [Google play](#).


Viss du skal bruke FRAM-appen til kjøp av billetter, må du enten legge inn informasjon om eit betalingskort eller velje Vipps som betalingsmåte. Vil du bruke Vipps, må du har Vipps-appen installert på telefonen din. Vil du bruke eit betalingskort, er det lurt å ha det kortet du vil bruke, lett tilgjengeleg når du startar appen første gong.

## Oppstartsveivisar for mobilappen FRAM

### 1. Sals- og bruksvilkår



Bilde 1



Bilde 2



Bilde 3

Når du har lasta ned FRAM-appen frå App Store eller Google play og startar appen for første gong, kjem du inn i oppstartsveivisaren.


Når du startar oppstartsveivisaren får du opp sals- og bruksvilkåra for FRAM-appen og ei lenke til personvernerklæringa (bilde 1). Les nøye gjennom både sals- og bruksvilkåra og personvernerklæringa.

Du må godta sals- og bruksvilkåra og stadfeste at du har lese personvernerklæringa før du kjem vidare i oppstartsveivisaren. Klikk i dei to boksane nedst på skjermen for å hake av i rutene og trykk Neste.

Viss du trykker Neste utan å hake av i boksane, får du feilmeldinga som visast på bildet i midten over (bilde 2). Då vel du OK, går tilbake og hakar av i boksane og trykker Neste (bilde 3).

Du kan seinare finne igjen bruksvilkår og personvernerklæring både under Informasjon i FRAM-appen og på vår heimeside [framr.no](http://framr.no) under Billetter >> FRAM-appen.

## 2. Registrere telefonnummer



The screenshot shows a mobile app interface titled "Oppstartsveiviser". At the top, there is a status bar with "N Telenor", signal strength, Wi-Fi, 5G, time "12:13", and battery "51%". Below the title bar, the heading "TELEFONNUMMER" is displayed above a text input field. Below the input field, a message reads: "Du må taste inn mobilnummer. Aktiveringskode blir send til ditt nummeret". At the bottom of the screen, there is a button labeled "Neste".

Når du har bekrefta at du godtar sals- og bruksvilkåra og at du har lese personvernerklæringa, går du vidare til neste steg der du skal legge inn mobiltelefonnummer for brukarprofilen.

Norske, svenske og danske telefonnummer kan brukast. Telefonnummeret skal skrivast inn utan mellomrom mellom tala. Viss du har et norsk mobilnummer, skal du ikkje legge landkode føre, berre legge inn sjølve telefonnummeret.

For svenske og danske telefonnummer skal du legge inn høvesvis +46 eller +45 føre telefonnummeret, utan mellomrom mellom landkoden og sjølve telefonnummeret.

Legg inn ditt telefonnummer og trykk Neste.

Viss du ikkje har hatt FRAM-appen før, blir det oppretta ein ny brukarprofil knytt til telefonnummeret.

Viss du har hatt FRAM-appen på telefonen, men har avinstallert og installerer på nytt

Viss du har hatt FRAM-appen på telefonen men har avinstallert appen og installerer han på nytt, har du allereie ein brukarprofil.

Då du vil få opp ei informasjonsmelding med kode 1006 som seier at profilen er i bruk på ein annan telefon. (Meldinga kjem sjølv om du no reinstallerar på same telefon.) Svar OK på denne meldinga for å binde profilen til FRAM-appen på aktuell telefon på nytt.

Viss du installerer FRAM-appen på ein ny telefon, men og har den på ein annan telefon


Ein brukarprofil kan berre vere knytt til ein telefon/eining om gangen. Viss du installerer appen på ei ny eining, vil få opp ei informasjonsmelding med kode 1006 som seier at profilen er i bruk på ein annan telefon. Svar OK på denne meldinga for å binde profilen til FRAM-appen på den nye telefonen.

Viss du no prøvar å bruke FRAM-appen på den gamle telefonen/eininga, vil du få opp ei feilmelding med kode 1007 med informasjon om at profilen ikkje kan validerast for FRAM Billett. Dette betyr at du ikkje lenger kan kjøpe og bruke billett på den gamle telefonen/eininga. Du kan framleis bruke FRAM-appen på den gamle telefonen/eininga til reisesøk, men du kan altså ikkje kjøpe eller bruke billett på den gamle telefonen/eininga.

Viss du har hatt FRAM-appen på telefonen før, men har bytta mobiltelefonnummer  
Viss du har hatt FRAM-appen på telefonen men bytter mobiltelefonnummer, må du avinstallere FRAM-appen og deretter installere på nytt for å få laga ein ny brukarprofil på nytt nummer.

**Merk!** Aktive kjøp kan ikkje vidareførast til nytt telefonnummer og ny brukarprofil. Viss du har ein aktiv billett på brukarprofil på tidlegare mobiltelefonnummer, ta kontakt med FRAM kundesenter på e-post [fram@mrfylke.no](mailto:fram@mrfylke.no) for å få refundert ev. attståande verdi.

### 3. Ta imot og registrere aktiveringskode



Når du har lagt inn telefonnummeret ditt og trykt Neste, får du ein aktiveringskode på SMS.

Legg inn den femsifra koden som står i SMS-meldinga i feltet AKTIVERINGSKODE.

**Merk!** Ikkje bruk den koden som står nedst i meldinga som også inneheld bokstavar.


På enkelte Android-telefonar blir koden fylt inn automatisk. Du vil då få spørsmål om å gi appen tilgang til SMS. Dette må du svare OK på.

På alle andre telefonar må du skrive inn koden manuelt.

Viss du ikkje mottar SMS, sjekk først om du har lagt inn sperre for mottak av SMS/anrop frå spesialnummer på telefonen. Viss du ikkje har slike sperrer, kontakt FRAM kundesenter på e-post [fram@mrfylke.no](mailto:fram@mrfylke.no) eller telefon 71 28 01 00 for å få hjelp.

Når du har fått aktiveringskode på SMS og har lagt denne inn riktig, trykker du Neste for å gå vidare.

#### 4. Registrere e-postadresse for å få tilsendt kvittering på kjøp



Viss du skal bruke FRAM-appen til billett kjøp og ønsker kvittering på e-post når du har kjøpt ein billett, må du legge inn ei e-postadresse.

Legg inn e-postadressa du vil ha kvitteringa på, i feltet EPOSTADRESSE.

Du må og hake av i ruta for Send kvittering.

Pass på at du legg inn korrekt e-postadresse, slik at kvitteringane ikkje blir sendt til feil e-postadresse. (Eller ikkje blir sendt i det heile, viss e-postadressa er ugyldig.)

Ikkje legg inn mellomrom før eller etter e-postadressa når du skriv ho inn. Dette blir tolka som ein feil i e-postadressa og vil medføre at du ikkje mottar kvittering.

Vel Neste når du har lagt inn e-postadressa og passa på at Send kvittering er haka av.

## 5. Registrere betalingskort (viss du vil betale med kort)



Bilde 1



Bilde 2

Viss du vil bruke FRAM-appen til billett kjøp og vil betale med kort, må du legge til eit betalingskort slik at det blir oppretta ein betalingsavtale.

(Merk at du og kan velje å betale med Vipps. Då må Vipps-appen vere installert på telefonen din. Då treng du ikkje legge inn kortinformasjon.)


Vel Legg til betalingskort (bilde 1) og bekreft med Legg til betalingskort (bilde 2).

**Merk!** Skal du berre bruke appen til ruteopplysing og sanntidsinformasjon, kan du trykke Fullfør (bilde 1).

Det er mogleg å legge til betalingskort i ettertid, viss du finn ut at du likevel ønsker å kjøpe billett gjennom appen.



Bilde 1



Bilde 2

Legg inn betalingskortinformasjon under Betal med Kredittkort.

Pass på at du legg inn korrekte opplysningar, og at kortet du legg inn er gyldig/ikkje sperra.

**Merk!** For at betalingsavtalen skal bli oppretta, må det trekkast eit lite beløp (10 kr) frå betalingskortet som registrerast. Dette beløpet blir automatisk refundert til kontoen når avtalen er oppretta. Det kan ta eit par verkedagar før beløpet blir refundert og er tilgjengeleg på din konto. Tal dagar kan variere noko for ulike kortutstedarar.


Når du har lagt inn informasjon om betalingskortet, vel Fullfør betaling (bilde 1).

Vel deretter Fullfør (bilde 2) for å avslutte oppstartsveivisaren.

Du er no klar til å ta i bruk FRAM-appen.

**Merk!** Viss du har du har reinstallert FRAM-appen og har ein gyldig og aktiv periodebillett, vil du no får spørsmål om å laste ned aktive kjøp. Sjå neste side.

Viss du har reinstallert FRAM-appen og har ein gyldig periodebillett



Viss du har du har reinstallert FRAM-appen og har ein gyldig og aktiv periodebillett, vil du no få spørsmål om du vil laste ned og overføre aktive kjøp.

Det er viktig at du vel Nedlasting her, då du ikkje vil få dette spørsmålet fleire gonger.

Viss du ikkje vel Nedlasting, vil du miste den aktive periodebilletten din.